

FAU Halbrend skule – DATO 021121

Oppmøte:

Klasse	Representant	Møtt	Vara	Møtt
6 A	Kirsten Tamara Lien Nøtseth	x	Esther Meland	
6 B	Tor Vidar Myklebust		Bjørnar Hillestad	
6 C	Merethe Solheim Klakegg		Svanhild Olset	
7 A	Vegard Norevik	x	Sunneva Hågvar	
7 B	Heidi Berge Hauge	x	Marie Andersen Heieren	
7 C	Irene Valaker		Vibecke Berentsen	
8 A	Pawel Franciszek Mielnik	x	Jorunn Kleiven	
8 B	Cecilie Brændmo Dahlgren		May Helen Midtbø-Nordbom	
8 C	Ingeborg Johanna Sunde	x	Gert Runar Rørvik	
8 D	Pål Hegland		Sigrid Grimelid Kirkebø	x
9 A	Anette Olin Aamot	x	Dagfrid-Marie Nigardsøy Ljøsne	
9 B	Ewy Katrin Førde Moen	x	Øystein Haugland	
9 C	Trond Håland Risøy		Chriss Are Farsund	
9 D + 10 C	Ingunn Anita Rørvik		Malin Kandal	
10 A	Linda Brendehaug		Yngve Systad	x
10 B	Jofrid Vårdal Aksnes	x	Kjersti Erichsen	
10 C + 9 D	Ingunn Anita Rørvik		Silje Skaar Sunde	
10 D	Arnhild Sollid Laukeland		Kurt Even Andersen	x

Saksliste:

1. Val av leiar: Ingeborg Johanna Sunde 8C
2. Ny skuleveg. Manglar lys i Liavegen og det er sendt melding til kontakt i veivesenet. Ikkje fått svar på dette, og det blir purra på. Oppheva gangfelt er planlagt ved fotgjengarfelt Halbrendslia. Infomøte med Veivesenet var veldig bra. Det blei oppmoda om bruk av refleks.
3. Lærebøker. Ny reform frå i fjor. Det tar tid å få inn lærebøker til alle elevar i alle fag. Basisfaga blir prioritert først. Diskusjon om skulen skal vere heildigitalisert eller ikkje, eller ein miks. Skal det vere likt på alle skulane i Sunnfjord? Skal skulen velje sjølv? Dei gamle bøkene er ikkje ulovleg å bruke. Utfordrande å finne nynorsk bøker. Dei er sist ferdige i produksjon. Det kostar 6 millionar å kjøpe inn bøker i basisfaga for alle skulane i kommunen. Det er satt av litt pengar til dette, men ikkje heile beløpet. Skulen ynskjer bøker i flest moglege fag. Elevane gjev blanda tilbakemeldingar på dette spørsmålet. Foreldre 10 kl: Mange er bekymra for manglande skulebøker. Det blir utstrukturert, vanskelig å finne pensum. Også vanskeleg for foreldrene å rettleie. Andre tilbakemeldingar: Elevane blir urolige, finn ikkje det dei skal, frustrerande for foreldrene. Motivasjonen går ned. Hos yngre barn blir

skjermtid utvida fordi dei treng PC til leksene. Det kan ikkje forsvarast å ikkje ha læreverk for elevane når læreverk finnast. Ein er nøyddde å ha litt av begge deler, både digitale ressursar og lærebøker. Læreverk har ofte både delar som er digitale og bøker, som ein kan bruke om kvarandre. Oppfølginga av elevane digitalt er ofte lettare og tettare. Det BLIR bøker, men kor mykje bøker det blir og i kva fag er uvisst. KFU: Samarbeidsorgan for alle grunnskulane i Sunnfjord. Leiar i FAU kan ta dette inn som sak her. Rektor og skulen skal bestemme seg for læreverk i basisfaga.

4. **Nasjonal prøver.** Resultat 11. november. Nokre resultat er komne fram. Gutar les dårlegare enn jenter. «Lese kondisjon» er dårlegare hos begge kjønn. Eksamensformene blir no lagt om til at ein skal lese meir. Dette vil ramme dårlege lesarar. Kva kan vi gjere for å avhjelpe dette? God læreverk. Leserom på skulen til elevane som kjem tidleg mellom 8-9? Smarttelefon forstyrrer lesinga hos både vaksne og barn. 6. klasse skal ha lesekveld.
5. **Lovkrav om 3 overnattingar på leirskule.** Sunnfjordskulen har fått beskjed om å følgje dette. Ikkje alle gjer det. Halbrend har gjort det. Kanskje dei går tilbake til 4 overnattingar her og.
6. **BUA.** Utstyrssentral. Gratis. Skulen kjem til å nytte seg av dette. T.d. våtdrakter til svømmetrening i kulpen. Obs! Tips folk som manglar utstyr om dette, t.d. ski, sykkel, kano, våtdrakter, hengekøyer osv
7. **Tilstandsrapport skule.** 4,2 millionar til prosjekt som skal forebygge/hindre skulefråver. Sunnfjord ligg på 81. plass på kommunebarometeret. 15. plass på trivsel på 7. trinn og på 18. plass på trivsel på 10. trinn. Rekruttering av lærarar er vanskelig også på Halbrend. Lærarar sluttar for tidleg. Stor auke i elevar med særlege behov. Kan bli ein ekstra naturfagtime frå neste haust dersom statsbudsjettet blir vedtatt. Ikkje bestemt kva klasse det skal leggest til.
8. **Utviklingsarbeid 1.** Samarbeid med HVL (Høgskulen på Vestlandet) om vurdering av elevarbeid. Korleis, kva, kor ofte vurdering, og skal elevane vurdere seg sjølv? Samarbeid frå januar -22 og 1,5 år fram. Skulane skal bli meir samkøyrde. Både på innad på skulen og skulane i kommunen.
9. **Utviklingsarbeid 2:** Samordne overordna del av læreplan mot slik vi driv skulen. Tverrfagleg arbeid knytt til læreplanen. Kva emne skal ligge på ulike trinn, kva emne SKAL dei lære om? Kva miks skal ein ha mellom tradisjonell undervisning

og tverrfagleg arbeid? Nye eksamensformer både i munnleg og skriftleg eksamen. Dette må øvast på. 10. klasse skal ha prøve-eksamen. Også aktuelt i 9. klasse.

10. Utviklingsarbeid 3: Inkluderande skulemiljø. Nullvisjon mot mobbing og ekskudering. Kurs i kollega-observasjon. Halbrend har lite mobbesaker.

11. Samarbeidspartnerar for skulen: SLT-gruppa. (Kriminalitetsforbyggande arbeid i kommunane) Utekontakt og politi. Folk med kompetanse på rus og psykisk helse. Dei fortel om mykje heimefestar. NOK (Organisasjon som set fokus på å setje grenser) og SMISO (Senter mot seksuelle overgrep) er inne i 6. klasse. Kva snakkar ungdom med dei om? Mykje stygt på nettet, blant anna pornografi. BUP har veldig stor pågang. Viktig at foreldrene i ein klasse er einige om reglar som gjeld alle, og at foreldrene samsnakkar.

12. Innspel: Vi treng nokon som kan komme og snakke med foreldra om korleis ein kan ta foreldrerolla tilbake, og styrke sjølvkjensla til foreldra. Dette kan vi sjå om vi får til spesielt for foreldre til 8.-10. klasse. Bruke t.d. politi og utekontakt. Helsestasjonen har kurs, og tilbyr veiledning. Det er viktig at når barn som skal til sjukehus, kjeveortoped osv. at foreldrene gjev beskjed og bekreftar dette. Hos nokre har dette sklidd ut, og dei blir verande lenge i sentrum.

13. Informasjon om felles 17.mai feiring. Felles feiring på Halbrend og i Halbrendshallen for Flatene og Halbrend skule frå og med 2022. Klassar med spesielt ansvar blir 3. og 7. klasse. Meir info kjem.

Neste møte 8. desember kl 18.

Referent Ewy Moen